

FAU, Halbrend skule

Møtereftrat

02.04.2024

Møtt	Ikkje møtt
Arnhild Laukeland, 7A	Stian L. Njosen, 6A
Liselotte Norman, 7C	Arne Sæterbakken, 6B
Margrete Lunde, 8A	Henrik Myklebust, 7B
Tor Vidar Myklebust, 8B	Cecilie H. Øvrebotten, 8C
Børge Klakegg, 8D	Geir Angedal, 9C
Odd Arild Dale (vara) 9A	Stine Elverum, 9D
Ola Sølvsberg, 9B	Pawel Mielnik, 10A
Pål Hegeland, 10D	Anja S. Kiil, 10B
	Ingeborg Sunde, 10C

Informasjon frå rektor

- **Rektor Sølvi Søgner har søkt om permisjon kommande år**

Permisjon gjeld frå 01.08.24 – 31.07.25. Sølvi skal starte på studiet skulemiljø og leiing ved NHH. Studiet handlar om å fremme tryggleik og godt skulemiljø, førebyggje misstrivsel og krenkelsar, handtere misstrivsel og krenkelsar, og utvikle eit inkluderande lokalmiljø.

- **Fråvær blant lærar i vinter**

Det vore ein del fråvær i vinter av ymse årsaker. Det har vore sjukdom, beinbrot og svangerskap. Lærarane som har gått ut i svangerskapspermisjon er no stort sett erstatta med faglærde.

- **Ledige stillingar ved Halbrend skule**
 - 200 % årsvikariat
 - 300 % halvårsvikariat
 - 4 x 70 % faste stillingar som assistent / fagarbeidar

Halbrend skule har generelt ikkje problem med søkartal til stillingar dei lyser ut. Dei kan stort sett velje i gode søkarar med fagkombinasjonane dei ønskjer. Det opplevast lett å tilsette i faste stillingar og årsvikariat, men naturleg nok meir utfordrande å fylle halvårsvikariat.

- **Skuleovertaking**

I veke 10 og 11 blei det gjennomført studentovertaking på Halbrend skule, der 3. årsstudentar skulle overta for dei faste lærarane ved skulen. I etterkant av overtakinga har studentane evaluert opplevinga. Nokre studentar opplevde desse vekene som krevjande. Desse studentane melder tilbake om usikkerheit knytt til yrkesval. Studentane dette gjeld blir no i ettertid følgt godt opp av HVL i samarbeid med Halbrend skule.

Med unntak av enkeltstudentar, så er tilbakemeldingane at dei aller fleste studentane hadde ei god oppleving. Dei fortel at dei opplevde at skulen hadde god struktur og gode plandokument. At det var litt skummelt, men òg veldig lærerikt og kjekt å ha foreldrekontakt. Studentane sjølv ønskjer generelt sett meir praksis for å lære meir om yrket. Fleire av studentane har sagt dei kunne tenke seg å kome tilbake til Halbrend skule å jobbe.

Det er ikkje gjennomført ei evaluering av kva elevane meiner om skuleovertakinga, men det er snakka om i dei ulike klassane. Det er blanda tilbakemeldingar. Dei aller fleste elevane synes det har vore stas med studentar. Likevel må ein vere ærleg på at for enkeltklassar blei det litt meir utfordrande.

FAU drøfta litt rundt dette – det er positivt at studentar får prøve seg, men kanskje bør ein ta ein gjennomgang av kva klassar ein gjennomfører studentovertaking i, og eventuelt korleis ein legg til rette for overtakinga. Slik at ein sikrar at både studentar og elevar får ei god oppleving.

- **Førde fresbeegolfklubb skal lage ny fresbeegolfbane**

Planen er ei bane som skal gå i området til Halbrend skule. Det er klubben sjølv som set opp kassar og tek ansvaret for vedlikehald og drift av bana.

Det vil vere eit behov for å rydde skog.



- **Samarbeid med politiet**

Kriminalstatistikken for Sunnfjord kommune syner:

- Narkotikasaker går litt ned – noko som skil seg frå resten av landet der ein ser auke i slike saker
- Valdssaker (gjerningsmann under 18 år) aukar – likt som resten av landet
- Bekymringsfull auke av kor mange unge som nyttar vald som løysingsmetode

Med bakgrunn i dette skal alle einingar no lage handlingsplan for vald og trugslar, med utgangspunkt i:

- Kva skal vi akseptere?
- Når skal vi politimelde?
- Kva er våre risikoområder?

Etter gjennomført risikoanalyse har skulen no utarbeida vedlagt handlingsplan.